



Multi Prosjekt Team AS  
Pb 203  
5828 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1040 - 14/9709

Saksbehandlar:  
Ingrid Moe  
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:  
25.06.2014

## Avvisning av søknad om løyve til oppføring av flytebrygge gnr. 26 bnr. 27

### Administrativt vedtak. Saknr: 177/2014

#### Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad om oppføring av flytebrygge på Litlebergeng nr. 26 bnr. 27 datert 20.05.14. Det vert også vist til pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt datert 18.12.13. Søknaden som no er innsend er same søknad som blei sendt til Meland kommune i 2009. I brev datert 09.11.09 blei ansvarleg søkar og eigar informert om at søknaden var mangelfull. Det står at «administrasjonen finn at søknaden, teikningane og avtalen er så uklar at ein ber om at materiellet vert gjort tydelegare og sendt til Bergen og Omland havnevesen for ny handsaming før Meland kommune slutthandsamar søknaden ut frå Plan- og bygningslova.

Meland kommune har ikkje mottatt naudsynt dokumentasjon for å kunne handsame søknaden, og har konkludert med å avvise søknaden.

#### Vurdering/rettsleg grunnlag:

Meland kommune har ein plikt til å handsame søknadar. Enten må kommunen treffe eit vedtak om å avvise søknad eller må kommunen realitetshandsame søknad som endar i avslag eller løyve. Utgangspunktet er det allmenne forvaltningsrettslege prinsipp om at kvar og ein sak skal førebus og handsamas utan ugrunna opphald, jfr. Forvaltningslova §11 a fyrste ledd. Hovudregelen er at ein søknad skal bli realitetsbehandla, og eit vedtak om å avvise søknad krev heimel etter plan- og bygningslova.

Plan- og bygningslova § 21-4 første ledd slår fast at “[n]år søknaden er fullstendig, skal kommunen snarest mulig og senest innen den frist som framgår av § 21-7, gi tillatelse dersom tiltaket ikke er i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.”

Meland kommune plikter å realitetshandsame ein søknad som er fullstendig. Det er berre ein søknad som ikkje er “fullstendig” som kan avvisast jfr. Pbl. § 21-4 første ledd.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Vilkåra for at ein søknad skal vere fullstendig følgje av pbl. § 21-2 fyrste til fjerde ledd jfr. SAK10 § 5-4. SAK10 § 5-4 slår fast at søknaden skal «*inneholde opplysninger som nevnt nedenfor i tredje ledd bokstav a til q i den utstrekning de er relevante for tiltaket og nødvendige for kommunens behandling*».

SAK § 5-4: «Opplysninger som er relevante ved søknad er:

1. tiltakshaver
2. eiendom og eksisterende bebyggelse som berøres av tiltaket
3. beskrivelse av tiltakets art
4. tiltakets størrelse og grad av utnytting
5. forhold til plangrunnlaget og plan- og bygningsloven § 1-8
6. ivaretagelse av krav til universell utforming og arkitektonisk utforming, herunder visuelle kvaliteter
7. tiltakets sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold, og behov for eventuelle sikringstiltak
8. konsekvensanalyse som framgår av byggteknisk forskrift § 9-4
9. minsteavstand til annen bebyggelse, kraftlinjer, vegmidte, vann- og avløpsledninger
10. atkomst, vannforsyning, avløp og fjernvarmetilknytning
11. eventuelt behov og grunnlag for dispensasjon
12. om det er avholdt forhåndskonferanse
13. tegninger og målsatt situasjonsplan
14. redegjørelse for nabovarsling og nabomerknader, samt kvittering for nabovarsel
15. forholdet til andre myndigheter
16. gjennomføringsplan
17. søknader om lokal godkjenning for ansvarsrett med relevant dokumentasjon.»

Ein må gå igjennom innkomne opplysningar, og samanhalde desse med dei opplysningane som er «*relevante for tiltaket og nødvendige for kommunens behandling*», jf. SAK10 § 5-4. Spørsmålet er om kommunen har nok dokumentasjon for å kunne realitetsbehandle saken.

Søknad datert 20.05.14 er ikkje fylt ut på byggesaksblanketter etter ny plan- og bygningslov (2010), dette gjeld også søknad om ansvarsrett. Det er ikkje lagt ved gjennomføringsplan. Tiltaket er ikkje varsla på nytt. Det er ikkje innhenta eit positivt vedtak frå Bergen og Omland Havnevesen. Det vert også vist til dokumentasjonskrava i lista over og ansvarleg søkars ansvar etter SAK § 12-2.

Meland kommune har fått dokumentasjon på at Multi Prosjekt Team AS godkjent som søker i tiltaksklasse 2. Dersom Meland kommune ikkje får ein komplett søknad, vurderast det å melde vidare til Direktoratet for Byggkvalitet.

Meland kommune opplyser om at pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt framleis gjeld. Ettersom Meland kommune har motteke ein søknad som ikkje er komplett vil løpande dagmulkt på kr 600,- starte frå i dag og fram til søknaden er komplett.

#### **Vedtak:**

Ettersom søknaden framleis er mangelfull, blir søknad om løyve til oppføring av flytebrygge motteke Meland kommune 20.05.14 avvist jfr. Plan- og bygningslova (pbl.) § 21-4 første ledd, jfr. Pbl. § 21-2 jfr. byggesaksforskrifta (SAK10) § 5-4 jfr. ikkje lovfesta forvaltningsrettslege prinsipp.

Søknaden gjer ikkje naudsynte opplysningar for at Meland kommune skal kunne realitetshandsame søknaden.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36 jfr. Vedlagt skjema. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Ingrid Moe  
byggjesakskonsulent/jurist

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

'tomneumann59@gmail.com'

**Mottakere:**

Multi Prosjekt Team AS

Pb 203

5828

BERGEN